



Sirdal kommune

Sinnes skule

Medlem i Sinnes SU og SMU

DERES REF:	VÅR REF:	SAKSBEHANDLER:	ARKIVKODE:	DATO:
	13583/2016 - 2007/1593	Åse-Berit Fidjeland	A20	20.09.2016

REFERAT SU- OG SMU-MØTE 20.09.16

Samarbeidsutval/SU:

Til stades: Rita Haugen, Lise Kleiberg, Madli Ådneram, Anna Marie Omlid (for Hanne Fossen Skreå), Lena Bøgwald, Hilde Sinnes, Magne Tjørhom og Åse-Berit Fidjeland

Forfall: Solveig Marie Ådneram og Stian Hiim

Sak 3/16: Konstituering av SU 2016/2017 med val

Leiar: Rita Haugen

Nestleiar: Hilde Sinnes

Sekretær: Åse-Berit Fidjeland

Sak 4/16: Kort om rehabilitering av skulebygget

Rektor fortalde kort om bakgrunnen for at det vart løyvd kr. 200 000,- på budsjettet for 2016 til å sjå på renovering/ombygging av arbeidsrom for lærarar, skulekjøkken og sløydsal. Etter ein gjennomgang av heile bygget, vart det bestemt at ein måtte sjå fleire ting samla. Omar Schevik Arkitektkontor AS vart hyra inn for å koma med ei gjennomtenkt løysing.

Arkitekten såg at det trongs meir plass, og vil riva delen ut mot hovudvegen, utvida arealet og byggja to etasjar, sjølvstøtt med forsterka konstruksjon med tanke på snøtilhøve og snøfangarar, fylla i kjellardelen (med m.a. sløydsal) og byggja om det som no er pause/-personalrom. Førebels priskalkyle er på kr. 56 239 081,00. Me har i alle fall dokumentert eit arealbehov, så kan det vera romløysinga vert annleis etter ein anbuds konkurranse. Me vonar renovering/utbygging vert ei sak i budsjett handsaminga i haust.

Sak 5/16: Anna

SU er høyringsinstans i ulike saker, som skulerute, kommunale føreskrifter for grunnskulen i Sirdal og "Sirdalsskulen - mål og strategiar".

Skulemiljøutval/SMU:

Til stades: Rita Haugen, Lise Kleiberg, Bjørg Hilde Fidjeland, Madli Ådneram, Anna Marie Omlid (for Hanne Fossen Skreå), Lena Bøgwald, Hilde Sinnes, Magne Tjørhom og Åse-Berit Fidjeland

Forfall: Solveig Marie Ådneram og Stian Hiim

Sak 5/16: Konstituering av SMU 2016/2017 med val

Leiar: Rita Haugen
Nestleiar: Hilde Sinnes
Sekretær: Åse-Berit Fidjeland

Sak 6/16: Kva er eit godt skulemiljø?

- a) Rektor informerte kort om oppgåvene til skulemiljøutvalet, sjå vedlegg I, sidan lenka på innkallinga ikkje fungerte.
- b) Møteplan: Me bestemte oss for tysdagar frå kl. 08.50 til 09.35, ev. 10.20;
15. november 2016
17. januar 2017
21. mars 2017
23. mai 2017

Hugs beskjed både til vararepresentant **og** rektor om du ikkje kan møta!

Sak 7/16: Om trivselsundersøkinga våren 2016

Sidan junimøtet vart avlyst, gjekk rektor kort gjennom nokre av tala frå den lokale trivselsundersøkinga i vår, sjå vedlegg II. Det er heldigvis lite mobbing og/eller krenkande åtferd, men me skulle ynskja at alle dei eldste elevane òg svarer. Me fekk ein diskusjon om det bør vera ei anonym eller ikkje-anonym undersøking, der elevane syntest det er litt vanskeleg å skriva ting på ei namngjeven undersøking. Dei meiner det alltid er ein lærar å snakka med, om det skulle vera noko som ikkje er greitt. Frå skulen si side er det greitt å kunna spørja elevar meir om saka, og å følgja opp i ettertid om ting vert betre når det er tatt tak i.

Skulen kan sjå "symptoma" når ein elev ikkje trivst, men kanskje ikkje kva som ligg bak/har skjedd tidlegare. Rita presiserte at det er viktig at elevar opplever at ein lærar "høyrer og ser deg", og tar saker på alvor. Samstundes er det foreldre/føresette sitt ansvar å følgja opp at alle vert inviterte og inkluderte når noko skjer på ettermiddagstid/i fritida. Det er m.a. svært positivt å ta med alle på tur slik praktisk valfag nettopp gjorde, for då byggjer ein relasjonar elev - lærar, og opplever kvarandre i andre situasjonar enn undervisings-situasjonen.

Sak 8/16: Anna

Småskuletrinnet har spurt om mellom- og ungdomstrinnet vil vera med på haustsamlinga deira med FORUT-aktivitetar og løp for Bahati house. Svaret var at dei synest haustsamlinga skal vera i dei klassane/på det trinnet dei går, og har sagt nei takk. Skulen har bestemt at innsamlinga til Bahati house føregår dei to siste timane måndag etter haustferien, dvs. 17. oktober. Alle elevar og foreldre kan sjølvsagt bli inviterte til FORUT-samlinga for å støtta arbeidet.

Åse-Berit Fidjeland (sekretær)

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.